

Styremøte Sirdal bygdekinnelag 16.01.17

Til stades: Anita Haugen, Helin Morel, Gro Nilsen, Solveig Marie
Ådneram og Åse-Berit Fidjeland

Meldt forfall: Karine Tjørhom Myhra

Sak 1/17: Gjennomførde aktivitetar

Lefsebaking over to kveldar med åtte (8) deltagarar. Det var kjempegreitt!

Refleksnatursti med 56 små og store deltagarar. Som vanleg var det vellukka med besøk av 0-visjonen og politiet. Til neste gong, 19. oktober på Refleksens dag, kan ein vurdera om ein kan starta med praktisk demonstrasjon, for å sleppa av- og påkledning for dei yngste deltagarane.

Persesyltekveld med åtte (8) deltagarar. Til 14 persesylter/35 grisehovud vart det blanda saman 4 pk malt nellik, 1,5 pk malt ingefær, 4 pk malt pepar, 4 pk malt allehande, 18 ts salt og 4 pk gelatinpulver. Det kunne godt vore litt meir salt og mindre ingefær.

Pepparkakebygda med ti (10) innleverte byggverk, og det vart artikkel i Agder - Flekkefjord Tidende. Kanskje bør me senda til Bondevennen òg... Til neste år bør me ha som kriterium at heile bygget kan etast!, og kanskje dela i ulike grupper om ein vil premiera ut frå resultat. Skal me vera demokratiske og nytta loddtrekning, kan alle få ein pose Nonstop som deltagarpremie.

Juletrebrenning vart gjennomført i over 20 minus av tre små og ein stor. Bør me vera ute ei veke tidlegare? (Då hadde det regna vekk...)

Ingen hadde meldt seg på temakurset til RBK i år.

Sak 2/17: Aktivitetar framover

Linedancekurset er ikkje enkelt å få gjennomført, for alle Helin har snakka med, er opptatt. Ho fekk nokre tips på personar å spørja, og Solveig Marie sjekkar om RBK har nokre gode forslag.

Ville vekster - eit ope teorikurs med påmelding pga. smaksprøver 14. februar, ev. 7/2, kl. 19.00-21.00 på Kvæven.

Sunn matglede kjem me attende til, men me satsar på eitt kurs, på Sinnes skule, i år.

Basar 17. mars kl. 18.00-21.00. Perny har sagt ja til å vera med, og får hjelp av Åse-Berit. Dei ordnar innkjøp av gevinstar og liste over

arbeidsoppgåver. Me satsar på å støtta Øvre Sirdal leitegruppe i år òg, og Helin spør Arvid om dei treng støtte til noko spesielt. Det er lurt å samstundes oppfordra til å levera inn varme, avlagde klede til bruk for dei som har gått seg bort.

Styret tar ansvar for å få inn gevinstar til basaren få næringslivet:
Solveig Marie: Skitrekkja, Eli + andre næringsaktørar i Ådneram
Anita: Sirdal sag, Sirdalsmat og andre næringsaktørar i Omlid og på Tonstad
Helin: Hotellet og Sirdal Fjellgolf
Gro: Hyttebutikken + andre næringsaktørar på Sinnes

Loddbøkene må ut seinast 24. februar, og det er lurt om nokon byrjar å ta lodd, slik at kjøparane ser at ein fører opp alle loddna, ikkje berre kjøpesummen!

Sak 3/17: Om årsmøteplanlegging RBK

Anita refererte frå planleggingsmøtet 19.12.16, sjå vedlagt referat. Det kjem 80-100 delegatar, der Sirdal har ein, men styret kan vera gjest(er).

Dette er eit samarbeid mellom Bjerkreim og Sirdal bygdekinnelag, og lokallaget har ansvar for:

- å skaffa sponsorinntekter for maks kr. 8000,-
- opning av årsmøtet fredag
- underhaldning på kulturkvelden fredag
- gavetil underhaldarane
- velkomengåve (med tekst) på årsmøtefesten laurdag
- allsongar på årsmøtefesten saman med Bjerkreim bygdekinnelag

Forslag frå Sirdal RBK til punkta over:

Underhaldning:

Småtrinnet ved Sinnes skule syng "skulesongen"

Magnar Undheim føredreg om sau - sidan det er noko dei to lokallaga har felles

Revyinnslag v/Sølvi (og dei ho vil ha med)

Ev. Linda og Roger Grubben, Torbjørg Haugen, trekkspelklubben

Velkomengåve:

- tova sau (Sirdal ullstove?)

Sirdal opnar årsmøtet v/varaordføraren, sidan ordføraren er på årsmøte i Sp, men Anita sjekkar kven som eigentleg skal avtala med Egil Netland.

I tillegg må me ha eit oversyn over programmet med tidspunkt for å gjera avtalar, men me veit ikkje når neste møte er planlagt.

Sak 4/17: Nye innbuarar

Helin ordnar velkomstblom og -skriv til Monica i Nesset (delegert frå Solveig Marie) og til Marta på hotellet. Åse-Berit sjekkar kor lenge Ingvild Josdal og Roy Aatland har budd på Skeie, og besøkjer ev. dei.

Sak 5/17: Anna

- a) Anita søker kommunen om tilskot innan 15. februar 2017
- b) Solveig Marie skriv rapport om Bygda i bevegelse snarast!
- c) SBK fekk kr. 3000,- støtte frå kommunen til leiarmøtet i Gdansk med RBK, og dei betalar 2/3 av deltakarutgiftene, medan Solveig Marie dekkjer 1/3 sjølv. I tillegg dekkjer laget utgiftene til observatøren/Solveig Marie på årsmøte 2016 i Lyngdal.
- c) Nye idear:
 - Kurs med Torbjørg Haugen
 - Dravlekoking
 - Nytt vinsmakinngskurs

Nytt møte: Når me veit meir om årsmøteplanlegginga